



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nasjonale forventningar - korleis svarar fylket på forventningane?

Vedlegg til

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020



1. Innleiing

Regjeringa la fram dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging i eit dokument vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Innleiinga i dokumentet omtalar korleis dei nasjonale forventningane skal verke inn på plansystemet og dei regionale planprosessane:

«For å fremje ei berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går fram av plan- og bygnings-lova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for arbeidet til dei nye fylkestinga og kommunestyra med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane skal også leggjast til grunn for korleis dei statlege styres-maktene skal ta del i planlegginga. Oppfølging frå alle partar vil bidra til betre samanheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og gjere planlegginga meir føreseieleg og målretta.

...

Første del av dokumentet handlar om gode og effektive planprosessar. Andre del handlar om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del handlar om planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt.»

Forventningane er knytt opp til tre ulike område/tema. Fylkeskommunen har allereie planar som dekkjer opp deler av dei nye nasjonale forventningane. Men regjeringa peikar på områder der vi har vesentlege utfordringar i fylket. Fleire av problemstillingane som er tekne opp under dei tre tema er med i vurderingane av utfordringar, til å utforme målbilete for framtida og då i vurderinga av nye strategiar og behovet for nye planar. Planstrategien skal ha gode samanhengar mellom evaluering av gjeldande planar og utfordringane som fylket møter framover. Eller som det står i forventningane: «Fylkeskommunane og kommunane bør bruke planstrategiane aktivt for å trekkje fram dei viktigaste utfordringane for regional og lokal samfunnsutvikling, og for å prioritere og målrette planlegginga».

Korleis vi svarar på forventningane gjennom arbeidet med regional planstrategi og regional planlegging er systematisert i dette dokumentet. Tema 1: Gode og effektive planprosessar
Vi har ein brei dialog i fylket om kva strategiar dei ulike aktørane kan forplikte seg til. Både brei dialog og felles forståing av kva som er dei store utfordringane for vidare arbeid svarar på forventningane om gode, målretta og effektive planprosessar. Tema 1: Gode og effektive planprosessar

Vi har ein brei dialog i fylket om kva strategiar dei ulike aktørane kan forplikte seg til. Både brei dialog og felles forståing av kva som er dei store utfordringane for vidare arbeid svarar på forventningane om gode, målretta og effektive planprosessar.

2. Korleis svarar fylket på forventningane?

2.1 Tema 1: Gode og effektive planprosessar

Vi har ein brei dialog i fylket om kva strategiar dei ulike aktørane kan forplikte seg til. Både brei dialog og felles forståing av kva som er dei store utfordringane for vidare arbeid svarar på forventningane om gode, målretta og effektive planprosessar.

Nasjonale forventningar	Våre svar på forventningane
1 Fylkeskommunane sikrar samtidig og tidleg medverknad og involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar.	1 I arbeidet med Regional planstrategi og med dei ulike regionale planane har vi utvikla tydelege strategiar for medverknad og involvering. Regionale planar er i stor grad forankra som partnerskapen sine planar.
2 Fylkeskommunane og kommunane baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.	2 I samband med regional planstrategi for 4 år sidan etablerte vi Fylkesspegelen som felles regional kunnskapsbase som vert halden ved like gjennom samarbeid i med partnerskapen. Til ny planstrategi er det i tillegg utarbeida eit kunnskapsgrunnlag for dei største utfordringane.
3 Fylkeskommunane styrkjer regionalt planforum som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikhtar i plansaker. Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, prioriterer deltaking i planforum, og kjem med tydelege signal om kva som er nasjonale og viktige regionale interesser i dei enkelte sakene.	3 Planforum er eit etablert og mykje brukt verkty i fylket for å betre planprosessane. Planforum vert nytta både i arealplansaker og kommunale samfunnsplanar. I utarbeiding av regional planstrategi er Planforum nytta som ein samhandlingsarena med regionale statlege aktørar og regionale institusjonar.
4 Fylkeskommunane sikrar enkel tilgang til digitale plandata gjennom bruk av digitalt planregister og tek i bruk verktøy for digital plandialog og plan- og byggjesaksbehandling.	4 Fylket har etablert Fylkesspegelen og Fylkesatlas som felles databaser med kunnskap til bruk i kommunal og regionalt plan og utviklingsarbeid. I tillegg er alle regionale planar og handlingsprogram elektronisk tilgjengelege.

2.2 Tema 2: Planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Nasjonale forventningar	Våre svar på forventningane
1 Fylkeskommunane legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.	1 Regional plan for klima og miljø med Handlingsprogram skal bidra til at fylkeskommunen og andre regionale aktørar tek ansvar innafor eigne område. Det er behov for å revidere klimaplanen for å tilpasse arbeidet til forventningane i Paris-avtalen.
2 Fylkeskommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga. Ein tek særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.	2 I tillegg til revisjon av regional plan for klima og miljø har fylkeskommunen etablert regionale planar for utvikling av fornybar energi, ved vindkraft og vasskraft, for å sjå utbygginga i eit samfunnsperspektiv.
3 Fylkeskommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.	3 Fylket har mange verneområde som vert forvalta gjennom eigne verneplanar. Gjennom regional plan for idrett og friluftsliv vert det utvikla strategiar for å styrke friluftsliv. Kulturminne vert forvalta ved uttale til alle reguleringsplanar der det kan være konflikt mellom ulike interesser.
4 Fylkeskommunane legg til rette for betre tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft som møter behova i den regionale arbeidsmarknaden. Planlegginga skjer i partnerskap med utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsaktørane, og på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.	4 Regional plan for verdiskaping tek opp i seg desse problemstillingane. I tillegg er fylket med i eit nasjonalt prosjekt for å utvikle ny og relevant kunnskap som kan styrke samanhengen mellom behovet til næringslivet og tilgangen til rett kompetanse og kapasitet i arbeidsmarknaden.
5 Fylkeskommunane og kommunane samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Ein set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	5 Regional plan for verdiskaping tek opp i seg desse problemstillingane. Utfordringar med nok og riktig areal for næringsutvikling, infrastruktur og logistikk-knutepunkt, saman med og samordna areal- og transportplanlegging vil og vere ein viktig del av strategisk plan for kysten, ny strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling og for ny regional plan for arealbruk.
6 Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grøne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Døme kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.	6 I regional plan for verdiskaping der det er etablert ein eigen strategi for utvikling av landbruket. Det er og etablert ein eigen reiselivsstrategi der grønt reiseliv er eit satsingsområde.
7 Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.	7 Regional plan for verdiskaping har eit eige programområde knytt til havbruk, og tema skal takast opp i strategisk plan for kysten og i ny regional plan for arealbruk.
8 Fylkeskommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.	8 Regional plan for verdiskaping og tilhøyrande industristrategi tek i noko grad opp i seg desse problemstillingane, og tema skal takast opp i ny regional plan for arealbruk.
9 Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til arealbehovet til Forsvaret i høve til nasjonale forsvarsplanar og når dette er nødvendig for å sikre forsvarsevna til landet.	9 Det er ikkje fremja arealbehov for forsvaret i fylket.

2.3 Tema 3: Planlegging for attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

Nasjonale forventningar		Våre svar på forventningane	
1	Fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.	1	Regional transportplan tek delvis opp i seg desse problemstillingane. Ny strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling og ny regional plan for arealbruk vil kunne ta opp i seg tema knytt til utbyggingsmønster, senterstruktur og grenser mellom tettstad og omland, ulik arealbruk og utvikling av sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar (BAS).
2	Den regionale og kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	2	Planforum tek opp problemstillingane med kommunane og regional stat.
3	Fylkeskommunane og kommunane bidreg aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak.	3	Regional transportplan tek opp i seg desse problemstillingane.
4	Fylkeskommunane og kommunane i storbyområda legg til grunn at transportveksten skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, og følgjer aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten.	4	Då vi ikkje har noko storbyområde i fylket, er ikkje problemstillingane aktuelle.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Grafisk formgjeving: Formgiveriet Ann Lisbeth Lesto
Foto framside:
Birthe Johanne Finstad / Sogn og Fjordane fylkeskommune,
Jutta Schatton / Sogn og Fjordane fylkeskommune